

Kvam herad
KVAM FORMANNSKAP

Tilleggsinnkalling

Møtedato: 08.06.2022
Møtestad: Kvam rådhus
Møtetid: Kl 09:00

Varamedlemmer møter etter nærare innkalling.

Forfall skal meldast til fellessekretariatet, tlf. 56 55 30 00 eller per e-post til politisk.sekr@kvam.kommune.no

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel
069/22	21/11285	Kommunedelplan for oppvekst 2023-2033 - Offentleg ettersyn
070/22	22/2256	Tilstandsrapport barneverntenesta 2022
071/22	22/2243	Tilstandsrapport for barnehage og grunnskulen 2022
072/22	22/2119	Vedtekter SFO

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap	08.06.2022	069/22
Kvam heradsstyre		

Avgjerd av:	Arkiv: N-210	Arkivsaknr
Saksh.: Teigland, Ingunn Hildonen	Objekt:	21/11285 - 47

Kommunedelplan for oppvekst 2023-2033 - Offentleg ettersyn

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek å leggja kommunedelplan for oppvekst 2023-2033 ut til høyring og offentleg ettersyn i inntil 6 veker, i samsvar med plan- og bygningslova § 5-2 og § 11.

Høyringsfrist vert sett til 28. september 2022.

Samandrag:

Planstrategien for Kvam herad 2020-2023 seier at det i løpet av perioden skal koma på plass ein kommunedelplan for oppvekst, med føremål om å samla satsinga Kvam allereie har gjort innan oppvekst.

Planarbeidet starta hausten 2021. Planprogrammet vart vedteke lagt ut til offentleg ettersyn i FSK-sak 070/21 i oktober 2021 og endeleg vedteke i HST-sak 140/21 i desember 2021.

Planen er digital og er skriven i planmodulen i Framsikt. Lenke til den digitale planen:

<https://oppvekstplanmai22>

(kortversjon av: <https://pub.framsikt.net/plan/kvam/plan-24ef7639-f03f-42ec-bb25-9550a5fd5d3a-13398/#/>).

Målet for oppvekstplanen er at alle barn og unge i Kvam skal ha ein god og trygg oppvekst. Planen skal konkretisera desse satsingsområde frå kommuneplanens samfunnsdel:

- Livskvalitet
- Verdiskaping gjennom samarbeid
- Stadutvikling

Desse tre berekraftsmåla til FN er førande for det lokale arbeidet som oppvekstplanen skal gje retning for:

- 3 – God helse og livskvalitet
- 4 – God utdanning
- 10 – Mindre ulikhet

Det vedtekne planprogrammet la opp til at me treng meir kunnskapsgrunnlag om samanheng mellom levekårsfaktorar i Ungdata-materialet. KoRus Vest, som har fagleg ansvar for Ungdata-undersøkinga, og Kvam herad har laga ein rapport som viser samanheng mellom faktorar som handlar om venskap, psykisk helse, sosioøkonomisk status, rus og skuletrivsel. Utvalet er elevar på ungdomstrinn og ved vidaregåande skular i kommunane som høyrer til Hardangar og Voss kompetanseregion, det vil seia Kvam, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik og Voss. Denne vert vedlegg til planen.

Det vedtekne planprogrammet la også opp til at me treng meir kunnskap om utviklinga der Kvam har hatt ei auke i talet unge uføre. NAV Kvam har sett i gang eit arbeid med å laga ein rapport gjennom verktøyet «Brukerreise», der eit utval unge på arbeidsavklaringspengar vert inviterte til å gje eit intervju. Intervjua vert samla og visualiserte gjennom «Brukerreise». Denne rapporten er ikkje ferdig grunna personalsituasjon i NAV Kvam. Målet er at rapporten vert klar og lagt ved planen når offentleg ettersyn og høyring vert kunngjort i august 2022.

Det er gjennomført Barnetråkk som del av medverknadsprosessen. Rapporten frå Barnetråkk 2021 er vedlegg til planen.

Vedlegg i saka:

Dok.id	Tittel
52968	2022-Rapport Barnetråkk
53507	Rapport Ungdata samanhenganalyse HVK

Saksopplysningar:

Inndeling av planen

Kommunedelplanen for oppvekst legg til grunn ei forståing av at gode oppvekstvilkår vert skapt i fellesskap på tvers av sektorar. Kommunale tenester, frivilligheita, familien og sivilsamfunnet elles utfyller kvarandre. Planen gjeld kommunen som organisasjon, men også heile Kvam som samfunn. Oppvekstplanen byggjer på eit syn om at me må ha samfunnsstrukturar som styrker barn, unge og familiar og gjer dei i stand til å takla motstand og motgang. Dette kan me kalla å byggja beskyttelse mot risikofaktorar. Omgrepa beskyttande faktorar og risikofaktorar er kjent frå teoriar om barn og unges utvikling og kva som påverkar oppveksten i positiv og negativ retning.

Oppvekstplanen har definert desse beskyttande faktorane som innsatsområde, som vert skildra i kvart sitt kapittel i planen:

1. Trygge vaksne
2. Aktiv fritid
3. Å vera del av eit sosialt fellesskap
4. Mangfald vert sett på som ein ressurs
5. Å kjenna tilhøyrse til lokalsamfunnet
6. Høg kvalitet på opplæringa
7. Gode kommunale tenester for barn og unge, gravide og familiar

Kvar av desse faktorane vert skildra i sitt eige kapittel. Kvart kapittel har ein innleiande tekst som drøftar korleis ein kan forstå denne beskyttande faktoren, først generelt, deretter ut frå dei ulike rollene me har i lokalsamfunnet. Deretter har kvart kapittel eitt hovudmål, definert som "Slik vil me ha det", og ulike strategiar for å nå målet, definert som "Slik gjer me det". Inndelinga av planen vert skildra i kapittel 2 i planen.

Medverknad

Tilstrekkeleg og brei medverknad er ein grunnleggjande føresetnad i eit lokaldemokrati. Dialog med og innspel frå grupper som representerer barn og unge er heilt sentralt i planarbeid, i særskild grad når planen gjeld oppvekstvilkåra dei neste ti åra. Det vart gjennomført Ungdata-kartlegging i Kvam februar 2021. Materialet vart publisert våren 2021. Dette har vore eit viktig materiale i medverknadsarbeidet. Elevar ved mellomtrinnet og ungdomstrinnet ved grunnskulen i Kvam og ved dei to vidaregåande skulane deltok i Ungdata.

Prosjektgruppa definerte problemstillingar med bakgrunn i Ungdata-materialet. Problemstillingane var utgangspunktet for medverknad frå barn og unge ved hjelp av ulike metodar, for å få utdjupa og forklart tala og funna i Ungdata. Desse metodane har vorte brukte for å utdjupa materialet:

- Intervju med elevråda ved alle grunnskulane og begge vidaregåande skulane i Kvam.
- Intervju med fokusgrupper for å få utdjupa spesifikke tema i Ungdata
- Gjestebod ved begge vidaregåande skulane i Kvam
- Tekstar i Forms, gjeld tiandeklassingane ved grunnskulane i Kvam.

Det vart halde eitt ressursgruppemøte per tema, med utvalde deltakarar frå ulike roller og samfunnsarenaer i Kvam. Deltakarane var i hovudsak vaksne, men det deltok også ungdomar. På ressursgruppemøta vart relevante tal frå Ungdata presentert, saman med innspel frå barn og unge om temaet. Dette var utgangspunktet for diskusjonane i ressursgruppa og innspel frå dei.

I tillegg har desse metodane for innspel vorte gjennomførte for å sikra medverknad frå barn og unge:

- Barnetråkk – elevar på 6. trinn/mellomtrinn og 9. trinn
- Spørjeskjema i Forms for elevane på vidaregåande om temaa oppvekst og framtid

- Teikningar og intervju med dei yngste barna (barnehage og småtrinn)

Om lag 750 barn og unge har gjeve innspel til oppvekstplanen. Innspela gjev også kunnskap som er relevante i andre planprosessar.

Det vart halde ope møte om oppvekstplanen i januar 2022. Der kom det inn innspel i form av ein smittevenleg variant av kafedialog.

Det gjekk ut brei invitasjon til å gje innspel, og det har kome inn både interne og eksterne innspel.

Det har kome innspel frå:

- FAU ved Bjørketeigen barnehage
- FAU ved Øystese skule
- Tilsette ved Kvam vidaregåande skule
- Skulebiblioteket ved Kvam vidaregåande skule
- FAU ved Strandebarm skule
- Soldal og Porsmyr grendautval
- FAU Ålvik skule
- NAV Kvam
- Mental Helse Kvam
- Tannhelsetenesta i Kvam
- Kvam, Samnanger, Tysnes lensmannsdistrikt

Det har kome interne innspel frå:

- Tilsette ved Strandebarm skule
- Familiesenteret
- Eining for teknisk og informasjon, Kvam herad
- Kvam kulturskule
- Tilsette ved Kvam ungdomsskule
- Planavdelinga i Kvam herad
- Avdeling for samfunn, næring og kultur, Kvam herad
- Tilsette ved Sjødnahaugen barnehage

Alle innspela er vurderte og på ulike vis tekne omsyn til i planen.

Medverknadsprosessen er skildra i kapittel 10 i planen.

Organisering

Styringsgruppa for oppvekstplanen er rådmannens leiargruppe.

Prosjektgruppa for oppvekstplanen er sett saman av:

Namn	Rolle
Inga Lill Jensen Tolo	Leiar for skule
Ingunn Mo	Leiar for barnehage
Torill Høyland	Leiar for helsestasjons- og skulehelsetenesta
Kjersti Kløløck	Leiar for barnevernstenesta
Gunvor Frantzen Ulltang	Leiar for PPT
Anna Mo-Bjørkelund	Leiar for familiesenteret

Terje Langeland	Leiar for NAV
Elin Tonning	Leiar for NAV flyktning enesta
Jorunn Selsvik (frå desember 2021)	Leiar for tenestekontoret for helse og omsorg
Anne Merete Flekstad Vik	Leiar for rus og psykisk helse (ROP)
Torild Kveberg	Leiar for ergo- og fysioterapitenesta
Vigdis Rykkje	Representant for Utdanningsforbundet
Ragnhild Rykkje	Representant for Fagforbundet

Føremålet med den breie samansetnaden av både styringsgruppa og prosjektgruppa er å sikra tverrfagleg forankring og eigarskap til planen på tvers av kommunale sektorar.

Vurdering:

Kommunedelplanen for oppvekst for Kvam 2023-2033 gjev retning og overordna føringar for satsing innan oppvekstsektoren dei neste ti åra. Underordna temaplanar vil kunne konkretisera strategiane i oppvekstplanen. Behov for evaluering og rullering vil verta vurdert i planstrategien.

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap	08.06.2022	070/22
Kvam heradsstyre		

Avgjerd av:	Arkiv:	Arkivsaknr
Saksh.: Steine, Astrid-Anett	Objekt:	22/2256 - 1

Tilstandsrapport barneverntenesta 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre har drøfta Tilstandsrapport for barnevernet 2022 og tek han til vitande.

Samandrag:

Barnevernstenesta arbeider etter Lov om barneverntenester. Det er fokus på å overhalda lovkrava til sakshandsaminga og det skjer sjeldan avvik. I 2021 mottok barnevernet 168 uromeldingar om born i kommunen. Barnevernet har hatt tilnærma ordinær drift gjennom pandemiåra. Me har omorganisert oss og skal prøva ut dette fram mot november 2022. Barnevernreforma som trådde i kraft frå 2022, vil påverka kommunen sitt arbeid i heile oppvekstsektoren. Reformen vil medføra auka eigendelar, meir samarbeid med andre tenester og kommunar, fleire lokale tiltak og auka fokus på ettervern.

Eit viktig mål i barnevernreforma 2022 er betre førebyggjande innsats og samarbeid. Me meiner at Kvam allereie har kome langt i å vri innsatsen i retning førebygging og tidleg innsats. I tillegg til å jobba etter vedtak frå barnevernstenesta, tilbyr Familiesenteret også råd, rettleiing og kurs til foreldre som ber om det. Førebyggingsfokuset er me stolte av, og me meiner det gjev eit godt tilbod til innbyggjarane i Kvam. Samstundes ser me at det har gjeve ei slagside, ved at me har lågare kapasitet til innsats inn i familiane som strevar mest. Over tid, ser me at dette gjev utfordringar. Me merker det på kapasitet og utviklingsarbeid. Dette arbeidet er heilt naudsynt for å oppfylle krava til endå sterkare kommunal innsats for å førebyggja flytting av barn og betra deira levekår heime. Me ser at me særleg treng:

- Raskare bistand frå tiltaksarbeidarane i akutte situasjonar og mens motivasjonen er

til stades i familiane.

- Auka breidde i innsats/tiltak.
- Tettare oppfølging av enkelte familiar
- Tettare oppfølging av og kurs til fosterheimar
- Tiltaksutvikling

Kvam herad sine samla utgifter til barnevern ligg noko lågare enn snittet i fylket og landet.

Viktige satsingar for barnevernet i 2022 er:

- Framleis deltaking i BTI-satsinga og implementeringsarbeidet.
- Halda fram arbeidet i konsultasjonsteamet mot vald og overgrep.
- Bruk av Vestlands-modellen i vårt arbeid med familiar som lever i omfattande konflikt.
- Delta i prosjektarbeid saman med Voss og Hardanger barnevern om fosterheimsoppfølging.
- Framleis fokus på vidareutdanning og kursing.
- Evaluera alle tiltaksplanar minst kvar 6. månad.
- Utvikla tiltak for å hjelpa familiane som strever mest og som står i fare for å mista omsorga for borna sine.
- Etablera føremålstenleg samarbeid med andre kommunar om nye oppgåver etter barnevernreforma 2022.
- HMT-arbeid med fokus på å ta vare på dei tilsette i tenesta.
- Innkjøp av nytt fagprogram som skal takast i bruk i 2022.
-

Vedlegg i saka:

Dok.id	Tittel
53731	Tilstandsrapport barnevern 2022

Saksopplysningar:

Frå 01.01.2021 er det nytt lovkrav om at barneverntenesta årleg skal utarbeida ein tilstandsrapport som skal gjera greie for tilstanden i tenesta. Rapporten skal leggjast fram for

heradstyret som har det overordna ansvaret for at barneverntenesta jobbar i tråd med gjeldande lovverk og at tenestene er forsvarlege.

Føremålet med rapporten er å gje heradstyret betre innsikt i tilstand, utvikling og viktige problemstillingar i barneverntenesta. Målet er å sikra betre prioriteringar og kontroll i kommunane.

Rapporten som vert lagt fram er den andre som er blitt utarbeidd for barneverntenesta i Kvam. I arbeidet med rapporten har tenesta teke utgangspunkt i Barne-ungdoms- og familiedirektoratet(BUF-dir) sin mal for utarbeiding av tilstandsrapport. Buf-dir har også utarbeidd veiledning/støttmateriale til kommunane i dette arbeidet.

https://bufdir.no/fagstotte/produkter/tilstandsrapportering_for_kommunale_barnevernstje
nester/

Ein god tilstandsrapport skal gje både politikarane, tilsette og innbyggjarane innsikt i korleis barnevernet arbeider og kva problemstillingar tenesta møter på. Rapporten kan leggja grunnlag for dialog om prioriteringar og forventningar til tenesta samt at han også kan bidra til meir kjennskap og innsikt i barnevernet sitt arbeid.

Kvalitetsutvikling og internkontroll

Tilstandsrapporten skal vera ein del av kvalitetsutviklinga i barnevernet og ein del av internkontrollen i tenesta. Prosessen med å utarbeida rapporten, og drøftingar og diskusjonar av innhaldet og prioriteringar i etterkant skal gje auka merksemd mot kva som er eit godt barnevern. I tillegg kan rapporten vera eit viktig redskap i internkontrollarbeidet. For å ha kontroll og intern styring av tenesta må politikarane ha oversikt over korleis tilstanden og kvaliteten er, og denne rapporten kan gje ein slik oversikt.

Involvering

Buf-dir oppmodar kommunane om å ha ein dialog mellom administrasjon og folkevalgte om kva rapporten skal innehalda. Rapporten skal gje folkevalte tilstrekkeleg med informasjon slik at dei blir i stand til å setja retning for tenesta. Det bør vera formelle strukturar for politisk involvering på plass. Eksempel på slike strukturar kan vera:

- Barneverntenesta skriv rapporten, og sender han til ulike samarbeidspartar og nivå(adm/pol) i kommunen til gjennomlesing/innspeil før handsaming

Denne andre rapporten er utarbeidd av barneverntenesta med innspel frå Familiesenteret som utfører oppdrag/gir hjelp/støtte og veiledning til barn/familiar på vegne av barnevernet.

Folkevalgte har ikkje vore involvert i utarbeiding av rapporten.

Frå tenesta si side er det ynskjeleg at det kjem på plass formelle strukturar for involvering slik at barneverntenesta veit korleis dei folkevalgte ynskjer at prosessen skal vera neste gong. Rådmannen ber om innspel på dette i samband med den politiske handsaminga.

Vurdering:

Rådmannen vurderer at tilstandsrapport vil gje både folkevalde, tilsette og innbyggjarane i Kvam betre innsikt og kjennskap til barneverntenesta. For heradstyret vil rapporten gje grunnlag for prioriteringar, ikkje berre innanfor barnevernfeltet, men også innanfor heile oppvekstfeltet.

Barnevernsreforma som tredd i kraft 01.01.2022 er like mykje ein oppvekstreform. I ny barnevernlov er det kome lovkrav om at heradstyret skal vedta

ein plan for kommunen sitt arbeid for å førebyggja omsorgssvikt og åtferdsproblem. Departementet sitt argument for dette lovkravet er at ein plan som er vedteken av heradstyret får ei overordna forankring, inkludert fordeling av ressursar til dette arbeidet. Ein slik plan vil vera eit viktig verktøy for å sikra systematisk innsats for å leggja til rette for heilskaplege tenester til barn og unge.

Tilstandsrapporten må sjåast i samanheng med andre prosessar, planar og aktuelle saker i heradet. Departementet vurderer at det kan vera hensiktsmessig å handsama tilstandsrapporten i samband med budsjettprosessen i kommunen og f.eks sjå rapporten i samanheng med tilstandsrapport for barnehage og skule. Rådmannen legg derfor fram alle

tilstandsrapportane i denne møtebolken.

Tilstandsrapporten for barneverntenesta viser at Kvam herad har ei velfungerande teneste som jobbar godt i tråd med lov og forskrift. Tenesta har jobba målretta med å oppfylle lovkrav til sakshandsaming og det gir resultat. Samtidig er det alltid område som kan vidareutviklast. Tenesta ynskjer å driva kontinuerleg med kvalitetsutvikling og kvalitetsforbetring, men det siste året har det vore mindre tid til dette arbeidet så tenesta har ikkje fått jobba så mykje med dette som ynskjeleg.

Ei utfordring for barnevernfeltet i heile landet er rekruttering og stabilitet i tenesta. Dette har vore jobba systematisk med. Det er liten turnover i barnevernet i Kvam, og ved utlyste sakshandsamarstillingar har det alltid vore kvalifiserte søkjarar, noko som er gledeleg. I samband med barnevernsreforma er det etablert samarbeid med Voss og Hardanger barnevern om nye oppgåver.

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap	08.06.2022	071/22
Kvam heradsstyre		

Avgjerd av:	Arkiv:	Arkivsaknr
Saksh.: Fossdal, Heidi	Objekt:	22/2243 - 1

Tilstandsrapport for barnehage og grunnskulen 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre ynskjer å vera ein aktiv barnehage- og skuleeigar gjennom dialogbasert styringa av barnehagar og skular. Dette inneber dialog mellom heradsstyre og administrasjon i samband med den årlege tilstandsrapporten for barnehage og skule. Kvam heradsstyre har drøfta « Tilstandsrapport for barnehage 2022» og Tilstandsrapport for grunnskulen 2022» og tek desse til vitande. Tema som er drøfta og omtala i rapportane vert vurdert i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet.

Samandrag:

Samandrag barnehage:

Som tidlegare er det utarbeida tilstandsrapport for barnehagane i Kvam. Tilstandsrapport er ikkje lovpålagt for barnehage, men ein viktig kommunikasjonskanal mellom heradsstyret og barnehageeininga. Rapporten skildrar fokusområde frå barnehageåret 2021/2022, og gjev eit lite innblikk i kvar av dei kommunale barnehagen, samt den private barnehagen.

Samandrag skule:

Det er eit lovkrav i opplæringslova §13 at skuleadministrasjonen skal utarbeida ein tilstandsrapport for skule til skuleeigar, som er heradsstyret. Ein tilstandsrapport inneheld både tal og forteljingar. Innhaldet skal vera ein analyse av tilstanden og syna korleis skuleeigar vurderer opplæringa på områda læringsmiljø, elevresultat og

gjennomføring/fråfall. I tillegg står heradet fritt til å ta med andre tema som er viktige for heilskapen og vurderinga av situasjonen i skulen.

Det er ein føresetnad at heradsstyret har kunnskap om tilstanden i skulen for at dei kan fatta rette vedtak. I tillegg er dialog og informasjon viktig, slik at skuleeigar kjenner tilhøva og kan ta ansvar og følgja opp både skulen som organisasjon, elevar, tilsette og skuleleiarar.

Skuleeigar skal ha forventningar og ambisjonar for Kvammaskulen, men dei har også ansvar for at det vert gjort prioriteringar av avgrensa mål der det er naudsynt. Skuleeigar må ha evne, ressursar og kompetanse til å nå kortsiktige mål, og samstundes tenkje langsiktig og ha visjonar vidare.

I rapporten er det lagt fram resultat frå mellom nasjonale prøvar og elevundersøkinga. Vidare har skuleadministrasjonen trekt fram ulike sider ved det å driva ein skule for alle. Det vert på ulike vis jobba for at skulane i Kvam skal vera mest mogleg like og ha eit felles system, samstundes som kvar skule skal få vera unik. I 2021 vart rapporten skriven om hausten, medan den i år vert skriven om våren. Tal som gjeld eksamensresultat og grunnskulepoeng vil difor vera dei same i rapporten frå 2021. Mot slutten av rapporten er det eit innblikk frå kvar av skulane i Kvam, inklusiv Norheimsund friskule.

Vedlegg i saka:

Dok.id	Tittel
53267	Tilstandsrapport. barnehage.2022docx
53268	Handlingsplan med oppdateringar mai 2022 - oppfølging etter revisjon barnehage 2021
53420	Tilstandsrapport for grunnskulen i Kvam 2022

Saksopplysningar:

Viser til vedlagte rapportar frå barnehage og skule.

Vurdering:

Vurdering barnehage:

Det er viktig med god kommunikasjon mellom barnehageeininga og barnehageeigar både når det gjeld drift og utvikling. Rapporten viser korleis barnehagane i Kvam vert drive, både lokalt i den einskilde barnehage, men også på eit meir overordna plan, som barnehageeigar og barnehagemynde. Den avspeglar kva barnehagane jobbar med, analysar, utfordringar og tankar om vidare utvikling av tenestetilbodet. Tilstandsrapporten for barnehage skildrar mellom anna lokale og nasjonale satsingar.

Heradsstyret er barnehageeigar, og for å gjera gode overordna val er det viktig med god informasjon og styringsdialog. Administrasjonen har rolla som barnehagemynde. Etter nye lovkrav i fjor er det frå mars 2022 tilsett to personar i til saman 100% engasjement stilling som barnehagefagleg rådgjevarar. Barnehagemynde har ansvar for godkjenning, tilsyn, ivaretaking og rapportering av statlege føringar for både kommunale og private

barnehagar.

Alle barn skal oppleve livsglede og skapa god barndomsminne frå barnehagekvardagen, samtidig som dei skal oppleve eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø. Dei skal kjenna meistring og at dei tilsette ser dei. Barn og føresette skal oppleve den kommunale barnehagen som ei eining.

Vurdering skule:

Opplæringslova seier at den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar. Føremålet er å ha ein open dialog om innhaldet i skulen, og å leggja grunnlag for ei felles forståing av måla og utfordringane, slik at heradsstyret kan vera ein aktiv skuleeigar. Tilstandsrapporten gjev informasjon om tiltak som er sett i verk for å betra resultat både fagleg og sosialt, samt at den gjev heradsstyret høve til å påverka kva prosessar skulane skal prioritera framover. Ein god dialog mellom administrasjon og heradsstyre er avgjerande for at både elevane skal få best mogleg opplæringstilbod og at det vert ein trygg og god kvardag for elever og tilsette.

Rapporten viser resultat frå nasjonale prøvar og elevundersøkinga. Tidlegare har administrasjonen kommentert samla resultat frå Kvam. Frå i år vil me gå grundigare inn i tala for å sjå kva som ligg bak og få betre oversikt over kva den enkelte skule bidreg med inn i det samla resultatet.

Kvam herad er ein av kommunane som har fått tilbod om, og takka ja til, å vera med i Oppfølgingsordninga. Ordninga er i regi av Utdanningsdirektoratet i samarbeid med Statsforvaltaren. Kommunane som deltek får statleg støtte og rettleiing over ein periode på tre år.

Det er dei siste åra utarbeida fleire planar og rutinar som skal vera med på å få eit likt system for skulane i Kvam. Tilsette er gjort kjent med innhaldet, men det er tidkrevjande å implementera nytt systemarbeid i ein stor organisasjon og det er difor ynskjeleg å prioritera tid til dette.

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap	08.06.2022	072/22
Kvam heradsstyre		

Avgjerd av:	Arkiv: N-212	Arkivsaknr
Saksh.: Fossdal, Heidi	Objekt:	22/2119 - 4

Vedtekter SFO

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre tek kommunal plan for skulefritidsordninga til orientering.
Kvam heradsstyre vedtek nye vedtekter for skulefritidsordninga i Kvam. Vedtektene skal gjelda frå 01.08.2023 og skal vera ei prøveordning på to år.

Samandrag:

Gjeldande vedtekter for skulefritidsordninga i Kvam er revidert. I framlegg til nye retningslinjer går rådmannen inn for ein del endringar.
Kvam herad ynskjer å vera ein attraktiv kommune både for dei som alt bur her og for framtidige innbyggjarar. Dersom folk skal velja Kvam som ein stad å slå seg ned er det viktig at me kan vera fleksible og yta gode tenester. Me ynskjer å vera eit inkluderande samfunn der det er ein reell moglegheit for alle å nyta godt av tenestene me tilbyr. På same tid må det vera slik at tenestene også er føreseielege når det gjeld økonomi og bemanning. Det skal vera mogleg å planleggja slik at ressursane me har til rådvelde vert brukt på best mogeleg måte.

Vedtektene har vore på høyring og det er kome inn høyringssvar. Rådmannen takkar for konstruktive tilbakemeldingar og har teke omsyn til fleire av desse i vedtektene som no vert lagt fram.

Vedlegg i saka:

Dok.id	Tittel
53367	Framlegg SFO-vedtekter
53368	Høyring - SFO vedtekter
52149	Svar på høyringsbrevet til vedtekter for SFO
52070	Høyringsbrev vedtekter skulefritidsordninga
52071	Høyringssvar
51368	Svar på høyring SFO-vedtekter
51088	Høyringssvar vedtekter skulefritidsordninga

Saksopplysningar:**Rammeplan SFO**

Rammeplan for skulefritidsordninga (SFO) vart lagt fram for første gong hausten 2021. Planen gjeld for arbeid i SFO. SFO skal leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos borna, og gje borna omsorg og tilsyn. Dette følgjer av opplæringslova § 13-7.

Rammeplanen har status som forskrift og gjev rom for lokale variasjonar, satsingar og planar. For å sikra eit heilskapleg perspektiv på borna sin oppvekst og utvikling bør skule og SFO ha eit tett samarbeid. Rektor er ansvarleg leiar for ordninga.

<https://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/>

Etter ny rammeplan har Kvam herad no utarbeidd ein kommunal plan for SFO. Målet er at SFO-tilbodet vert så likt SFO som mogleg, uavhengig av kva nærskule eleven høyrer til, samstundes som det skal vera handlingsrom til å ta vare på det lokale og særeigne ved kvar SFO.

Borna på SFO i Kvam skal kjenna seg sett og inkludert. Dei skal få oppleva at deira meining er viktig og at dei kan få vera med å forma innhaldet i SFO. SFO er barna si fritid og det er difor viktig at dei opplever valfridom i kvardagen. Planen legg vekt på eit breitt og tilpassa aktivitetstilbod til borna i SFO. Dei skal få høve til å verta introdusert for ulike aktivitetstilbod, gjera seg kjende i nærmiljøet, oppleva matglede og kjenna at dei vert møtt med respekt og er inkludert.

Lenke til testpubliseringa av planen. SFO-planen er ikkje lagt ut offentleg.

[SFO-plan for Kvam](#)

Vedtekter for Skulefritidsordninga i Kvam**SFO-tilbod på nærskulen alle dagar**

I gjeldande vedtekter er det eit krav at det må vera minst 10 born som skal ha SFO for at det vert eit tilbod på nærskulen. Det kan gjerast unntak etter særskild vurdering. Rådmannen opplever at dette er eit lite føreseieleg tilbod til innbyggjarane. Å vera avhengig av andre for å kunna planleggja kvardagen er utfordrande. I tillegg vert det gjerne i praksis langt utpå våren før skulen kan sei om det er elevar nok til å gje eit tilbod neste haust. Rådmannen ynskjer å gjennomføra eit prøveprosjekt over to -2- år der det vert gitt eit tilbod om SFO når det er barn påmeldt, uavhengig av tal. Dette vil tryggja både barnet og føresette, gjera det lettare å planleggja fram i tid og ein meir føreseieleg

kvardag.

Kjøp av ekstra dagar

Dei fleste opplever stor fleksibilitet når det gjeld kjøp av ekstra dagar i SFO. Rådmannen rår til at det framleis skal vera fleksibelt, men at det må setjast fristar slik at leiar har høve til å planleggja i god tid. Om barnet kan få vera på SFO utover dei dagane dei har fast plass, skal vurderast ut frå planlagt bemanning den aktuelle dagen.

Søskenmoderasjon

Det har ikkje tidlegare vore gitt søskenmoderasjon dersom ein familie har fleire barn i SFO. Søskenmoderasjon har lenge vore praktisert i barnehage og det gjev ei lette for mange familiar. Dersom me ynskjer at fleire born skal nytta tilbodet om SFO kan dette vera eit av verkemidla. Kvam herad ynskjer å vera eit inkluderande samfunn der tilbod om ulike tenester er eit reelt tilbod for alle. I dag er det lagt opp til moderasjonsordningar frå staten si side, men det er likevel ynskjeleg at Kvam herad kan gjera tilbodet endå meir attraktivt for alle. Med bakgrunn i dette går rådmannen inn for at det no vert gjort ei endring på dette punktet.

For å hjelpa familiar med fleire born i barnhage- og SFO-alder skal søskenmoderasjonen i tillegg sjåast i samanheng med moderasjonsordning i barnehagen. Det vil sei at familiar med til dømes eitt barn i SFO og eitt barn i barnehage no vil kunna få søskenmoderasjon for det yngste barnet.

Mattilbod

SFO tilbyr i dag eit enkelt måltid om ettermiddagen. I samsvar med ny rammeplan ynskjer rådmannen at det vert lagt endå større vekt på mat og matglede, og ny lokal plan rår difor til at det skal serverast varm mat/alternativ til brødmatt minimum tre gongar i veka. Prisen pr. dag vert sett til kr 15,- og skal vera likelydande for alle SFO-ar. Vidare prisjusteringa kan utførast administrativt.

Ferieklubben vert sommar-SFO

Kvam herad har gjennom fleire år hatt tilbod om ferieklubb to veker etter skuleslutt om våren. Det er kulturavdelinga som har hatt ansvar for ordninga. Ordninga har vore lokalisert på Norheimsund skule og har vore eit attraktivt tilbod til mange born.

Det har vore mange dyktige ferievikarar som har gjort ein god jobb, og det har vore spanande for borna å treffa nye vaksne. Likevel har bemanning også vore ei av utfordringane. Mange av borna klarar omstillinga frå SFO til ferieklubben godt, men for ein del er overgangen utfordrande. Nye vaksne, med nye rutinar som gjerne ikkje kjenner borna kan føra til utrygge born. Rådmannen meiner at ein del av bemanninga i sommar-SFO må vera den same som SFO elles i året. Dette vil gjera at det ikkje vert for brå overgang for borna.

I dag vil det vera utfordrande å bemanna sommar-SFO med tilsette i SFO fordi dei har arbeidstidsavtale som gjer at dei fylgjer skuleåret. I komande tilsetjingar vil rådmannen vurdere å endra desse avtalane, slik at timetalet vert fordelt over fleire arbeidsveker. Dette vil også føra til at tilsette kan få tilbod om auka stillingsstorleik dersom dei som ynskjer det. Ved spørsmål til tilsette for om lag eitt år sidan, var det ein person tilsett i Sfo som ynskte auka stilling.

Dei nye vedtektene vil fyrst vera gjeldande frå skuleåret 2023/24. Fyrste sommar-SFO vert

då juni 2024. Dette er langt fram, men det vil på den måten vera god tid for leiarane å planleggja overgangen.

Høyring

Vedtektene er ei forskrift. Vedtektene har vore på høyring og skal handsamast politisk.

Høyringsinstansar: ,

Rektorar

SFO-leiarar

FAU

Utdanningsforbundet

Fagforbundet

Det er kome inn fire høyringssvar:

SFO-leiar Øystese

SFO-leiar Norheimsund

Rektor og SFO-leiar Strandebarm

Utdanningsforbundet (likelydande svar som frå SFO-leiar i Øystese)

Rådmannen takkar for innspel og høyringssvar. Nokre av spørsmåla vert svara ut i det fylgjande. Innspela er delvis teke med inn i framlegg til vedtekter.

4) Opptak og opptakskriterium

I dag søker føresette SFO-plass for borna kvart skuleår. Rådmannen ynskjer at når eit barn har fått ein plass i SFO så har barnet plassen så lenge det har rett på plass, det vil sei ut 4. trinn. Dersom barnet sluttar før må plassen seiast opp.

5) SFO-plass

I dag har Kvam herad svært mange variantar av storleik på ein SFO-plass. Eit barn kan ha frå 2-3 timar og opp til full plass som er 20 timar. Inklusiv halve timar gjev dette svært mange variantar. SFO-leiar peika på at det kan administrerast av dei og at ei endring til heil og halv plass i praksis vil føra til at eit barn som berre går ettermiddag gjerne har behov for 12,5 timar, men må betala for full plass. Trong for ein reduksjon i talet på ulike variantar kom tydeleg fram under pandemien, då føresette hadde rett på tilbakebetaling når SFO var stengt. Utgangspunktet i fleire av vedtektene er at heradet finn løysinga som ligg tett opp mot barnehagen. Dette gjeld til dømes tilbod om opphaldstid og oppseiingstid.

Rådmannen ser at det slår uheldig ut å berre tilby heil og halv plass, og har difor endra dette i vedtektene som ligg føre no til at det kan søkjast om:

Alternativ 1) Morgon-SFO

Alternativ 2) Ettermiddag-SFO

Alternativ 3) Heil plass.

SFO må tilpassast slik at det er tilbod når barnet treng det. Samstundes krev ordninga planlegging og tilrettelegging ut frå økonomi og bemanning, det vert difor også forventa at føresette planlegg i god tid. Unntak er mogleg så lenge det er kapasitet i den enkelte SFO.

I dag er det svært stor fleksibilitet når det gjeld endring av SFO-plass. Dette krev mykje av SFO-leiarar. Det skal vera fleksibelt og opning for endring når ulike situasjonar krev det, men det skal vera mogleg å planleggja ressursbruk og arbeidssituasjon for tilsette. Betaling i oppseiingstida har vore vanleg for barnehage over lang tid, og det er ynskjeleg å ha sama

praksis i SFO. Dei fleste føresette som søker plass i SFO har nyleg vore føresette til barn i barnehage, og kjenner desse rutinane.

8) Bemanning og leiing

Opplæringslova § 13-7 seier at SFO skal ha vedtekter om bemanning og leiing. Det er ikkje nasjonale føringar for tal barn per vaksen. Lokale forskjellar gjer at dette skal vurderast i den enkelte kommune. Rådmannen hadde som utgangspunkt at det kan vera ulikskap mellom store og små SFO-ar i heradet, og at bemanning difor kunne vurderast ut frå alder og gruppesamansetjing. Går me til førearbeida for Opplæringslova, Ot.prp.nr.60 (1997-1998) står det «*Bemanningen av skolefritidsordningen skal avgjøres kommunalt ut fra lokale forhold og behov. Videre skal størrelsen på bemanningen være en del av vedtektene*».

Ut frå vedtekter i andre kommunar er det stor skilnad på tal born per vaksen. Kvam herad ynskjer å ha eit lågt tal for når det skal vera to vaksne i SFO. Dette heng sjølvstamt saman med kva SFO kan tilby av aktivitetar, men ikkje minst av omsyn til tryggleik for både born og tilsette. Rådmannen går inn for at det skal vera 8 born på vaksen nr 1, og deretter 15 born på vaksen nr 2, 3 og så vidare. Det skal uansett gjerast ei skjønnsvurdering ved tildeling av ressursar. Det må vera ei heilskapsvurdering det mellom anna vert teke omsyn til storleik på SFO, tal born med særskilde behov osv.

Økonomiske konsekvensar

Morgonopen SFO ved alle ordningar i heradet vil krevja om lag eitt årsverk utover det som vert brukt i dag. Det er grunn til å tru at det kan verta fleire søkjarar dersom det vert søskenmoderasjon og gjerne fleire born i feriane, slik at det reelle talet kan koma nærare to årsverk.

Søskenmoderasjon vil utgjera ein årleg kostnad på om lag 640.000,-. Talet er ikkje medrekna føresette som får redusert foreldrebetaling på grunn av låg inntekt. Dette betyr at det vert eit lågare utrekningsgrunnlag, og summen vert soleis noko lågare.

Vurdering:

Rådmannen vurderer at vedtektene må fornyast og det i dette arbeidet er teke omsyn til brukaren då det er større rom for fleksibilitet og medverknad. Trass i auka utgifter vil auka fleksibilitet vonleg gje fleire innbyggjarar få høve til å nytta skulefritidsordninga.

Kvam herad ynskjer å vera eit inkluderande samfunn der flest alle som ynskjer det kan nytta tilbod om SFO, uavhengig av økonomisk situasjon. Samstundes skal det vera føreseieleg for heradet med tanke på bemanning og ressursbruk, slik at me nyttar ressursane til det beste for innbyggjarane.